



Det har oppstått strid om flyaktiviteten på Vågåvatnet forstyrret villreinen i Ottadalen.

- Forstyrta ikkje villreinen

SEGLFLY: Formannen i Drammen flyklubb finn seg ikkje i å bli beskudt for å ha uroa villreinen i Ottadalen under seglflystemnet Vågå Wavecamp.

Av Ketil Sandviken
ketil.sandviken@gd.no
Mobil: 901 35 460

DRAMMEN/VÅGÅ: - Vi finn oss ikkje i bli trakassert på denne måten. Det stemmer rett og slett ikkje at vi har forstyrta villreinen, og det kan vi med sikkerheit bevise.

Formann Øyvind Moe i

Drammen flyklubb og arrangementskomiteen for Vågå Wavecamp, det 16. seglflystemnet på Vågåvatnet på like mange år, attendeviser heilt og fullt påstanden frå Ottadalen villreinutval og oppsynsmannen i Finndalen statsalmenning om at seglfly eller slepefly skal ha uroa villrein ved Skaihø i Nordheradsfjellet.

Jagerfly?

Spørsmålet er om to lågtflygende militære jagerfly tysdag 21. mars må ta på seg skulda.

Moe fortel at det kom to F-16 jagerfly over isen på Vågåvatnet i 500 meters høgde og steig rett til vørs mot Skaihø og Nordheradsfjellet med full etterbrennar slik at det vart ei ekstrem støybelasting.

Folk lokalt stadfestar at det foregjekk lågtflyging med jagerfly i dette tidsrommet.

Det fell seglflyentusiastane tungt for brystet at den nye oppsynsmannen i Finndalen statsalmenning, Øyvind Angard, rapporterte nærgående seglfly til politiet med skuldingar om at reinen vart uroa.

- Vi sjekka dette. To fly var aktuelle, men da vi undersøkte GPS-loggen kunne vi sjå at seglfly ikkje hadde vore nær villrein flokken. Dette kan vi dokumentere. Dessutan lagar ikkje seglfly støy.

Verre med skuter

Moe meiner oppsynsmannens snøskuter forstyrrar langt meir, og når det gjeld slepefly så er desse underlagt strenge

sikringsrutinar som gjer at dei går opp i rett line vestover før dei svingar over mot Tesse.

- Eg meiner at vi ikkje har hatt flyslep nordover, som det står i GD, seier Moe, som un-

derstrekar at dei er godt kjente med problematikken etter 16 år med årvisst flystemne på Vågåvatnet, seier Moe.

- Såg flya over reinen

VÅGÅ: Oppsynsmann Øyvind Angard synes det er merkeleg at seglflyarrangøren ikkje vil vedgå å ha uroa villreinen.

- Eg såg propellflyet som drog opp eit seglfly rett over hugu på villrein flokken. Det er 100 prosent sikkert, og eg ringte politiet der og da. I følge politiet vedgjekk arrangøren dette. Det er ikkje tvil om at reinen vart uroa, eg hadde ikkje varsla politiet om dette ikkje var tilfelle. Angard

hevdar at mange fly sirkla over Skaihø den dagen har dreiv på jervsporing i same område.

Han er ikkje gjort kjent med jagerfly-episoden tysdag 21. mars, men seier at slik flyging så klart vil vera uheldig framfor kalvingstida til reinen.

- Det er bra dersom flystemnearrangøren er interessert i eit oppklaringsmøte, det vil i tilfelle vera naturleg om Ottadalen villreinutval deltek, seier Angard.

Toyota og Mazda på felles turné i norddalen

ANNONSE

TOYOTA KVALITET HELLE VEIER

TOYOTA PÅ TUR

I uke 14 skal vi til norddalen

Kom og prøv Toyota Yaris ny mod
Corolla - Avensis - RAV4 ny mod
Landcruiser - HiLux ny mod

Her treffer du oss:

Mandag	3. april	fra kl. 10.00	Lesja (v/innkjøpslaget)
Tirsdag	4. april	fra kl. 10.00	Dombås (v/Coop senter)
Onsdag	5. april	fra kl. 10.00	Vågå (v/Jutulbua)
Torsdag	6. april	fra kl. 10.00	Lom (v/Coop)
Fredag	7. april	fra kl. 10.00	Bismo (v/Statoil)

KOM - SE - OG PRØV!

DOKKEN BIL AS
Lomoen - 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 29 20
<http://vinstra.toyota.no>

mazda Mazda 3 Mazda 5 - 7 seter Mazda 6 - diesel Mazda B - 2500 pickup

turné

Velkommen til en uformell bilprat!

Mandag 3. april - Lesja
fra kl. 10.00 v/Innkjøpslaget

Tirsdag 4. april - Dombås
fra kl. 10.00 v/Coop senter

Onsdag 5. april - Vågå
fra kl. 10.00 v/Jutulbua

Torsdag 6. april - Lom
fra kl. 10.00 v/Coop

Fredag 7. april - Bismo
fra kl. 10.00 v/Statoil

Kom, se og prøv!

mazda

www.mazda.no

Autocenteret as
Kaja Stenbrenden 91 74 58 70 - Ole Lunde 41 64 55 71. Industrigt. 20, Lillehammer - Tlf. 612 79 300